



Kulinarisk AS  
Kvernhusmyrane 7

5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3823 - 15/19715

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
19.05.2015

## Søknad om serveringsløyve - Kulinarisk

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Kulinarisk AS

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/15	Formannskapet	PS	30.04.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terje Sætre	14/3823

## Søknad om serveringsløyve - Kulinarisk

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Serveringsløyve blir innvilga etter serveringslova, slik:

- Løyvehavar: Kulinarisk AS, Kvernhusmyrane 7, 5914 Isdalstø, org.nr. 914 736 552
- Dagleg leiar: Regina Fant, Kvassnesveien 47H, 5134 Isdalstø, f. 161187. Krav om bestått etablerarprøve.
- Serveringsstad: Kulinarisk , Kvernhusmyrane 7, 5914 Isdalstø
- Serveringsstadens storleik: om lag 44 kvm.
- Tal sitteplassar: om lag 40.
- Opningstid: kl. 1000 – 2000 heile året.
- Godkjenning frå Mattilsynet må liggje føre

Løyvehavar plikter å melde frå til kommunen, dersom det skjer endringar i forhold til dei vilkår som er sett.

## Formannskapet - 025/15

### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO - vedtak:

Serveringsløyve blir innvilga etter serveringslova, slik:

- Løyvehavar: Kulinarisk AS, Kvernhusmyrane 7, 5914 Isdalstø, org.nr. 914 736 552
- Dagleg leiar: Regina Fant, Kvassnesveien 47H, 5134 Isdalstø, f. 161187. Krav om bestått etablerarprøve.
- Serveringsstad: Kulinarisk , Kvernhusmyrane 7, 5914 Isdalstø
- Serveringsstadens storleik: om lag 44 kvm.
- Tal sitteplassar: om lag 40.
- Opningstid: kl. 1000 – 2000 heile året.
- Godkjenning frå Mattilsynet må liggje føre

Løyvehavar plikter å melde frå til kommunen, dersom det skjer endringar i forhold til dei vilkår som er sett.

**Saksopplysningar:**

Saka skal avgjerast i Formannskapet

**Bakgrunn**

Ifølgje serveringslova § 3 skal løyve bli gitt dersom krav i §§ 4 til 6, jfr. § 7 er oppfylt, og det ikkje ligg føre forhold som av politimesige omsyn gjer det utilrådeleg at serveringsløyve blir gitt. Krava gjeld i forhold til dagleg leiar, krav om etablerarprøve, krav til vandel og konsolidering av eigardelar.

**Vurdering**

Det ligg føre uttale frå politi, skatteetat og skatteoppkrevjarar. Krava i serveringslova §§ 4 til 6, jfr. § 7 er oppfylt. Søkjar har med dette rett til å få søknaden innvilga.